

1994 20 ÅR 2014

STATSPRÅK

BLADET FOR GODT SPRÅK I STATEN UTGITT AV SPRÅKRÅDET NR. 2 – 2014



Talekoordinator Agnar Kaarbø i Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Foto: Ann-Kristin Lindaas

Med andres ord

Ein tale kan vere magisk, og ein god talar kan endre verda ved hjelp av ord. Ein tale kan motivere eller framkalle ein geisp. Kanskje sit du nett no på ein konferanse der det freistar meir å lese Statsspråk enn å lytte til opningsinnlegget?

Den tradisjonelle talen er framleis viktig i vår skriftbaserte kultur. Når ein skal overtyde og utløyse handling i viktige situasjonar, kan talegåver vere avgjerande.

– Dei moderne media fører politikarane nærare publikum enn før. Det endrar vilkåra for talekunsten. I 1814 var det ikkje nødvendigvis eit lyte at ein tale var svulstig og tea-

tralsk, i dag er det annleis. Politikarane vinn no meir sympati og tillit om dei gjev inntrykk av å vere seg sjølv og talar rett frå hjartet, seier professor Anders Johansen ved Universitetet i Bergen.

Kor sterkt talar kan verke, såg vi i dagane etter 22. juli 2011, då Jens Stoltenberg appellerte til ei nasjonal samkjensle og samla folket om sams verdiar, demokrati og toleranse.

Med enkle ord og djup innleving sa Stoltenberg det folk flest trong å høyre, slik at det vekte åtgåum og i utlandet. Det er ingen løyndom at han hadde god hjelp av taleskrivar Hans Kristian Amundsen.

Skuggeskrivarar

Kven er dei dulde taleskrivarane, og korleis arbeider desse retoriske doldisane? Statsspråk har møtt talekoordinator Agnar Kaarbø i Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

– I alle departement er det stor produksjon av talar og foredrag. Somme er tilsette spesielt for å skrive talar, men nesten alle skriv tekstar som på ein eller annan måte blir

Grunnloven på norsk etter 200 år!

Stortinget har vedtatt to språklig moderniserte versjoner av Grunnloven. Grunnloven har dermed omsider skiftet språkdrakt fra dansk til norsk.

Bokmålsversjonen er utarbeidet av professor emeritus Finn-Erik Vinje, mens nynorskversjonen kommer fra et utvalg ledet av professor

Hans Petter Graver. Språkrådet deltok i dette utvalget. Graver-utvalget la også fram en bokmålsversjon som var mer i tråd med dagens skriftspråk enn Vinjes versjon. Et framlegg om begge versjonene fra Graver-utvalget ble forkastet, og vi har dermed fått to grunnlovsversjoner som skiller lag på enkelte punkter.

► grunnlag for talar og føredrag. Helst skal fagfolk i alle avdelingar kunne skrive noko som kan framførast munnleg. Somme likar det godt, andre strevar. Som talekoordinator skal eg ha oversyn over kva arrangement politikarane skal vere med på, og sjå til at talane blir skrivne. Eg skriv også talar sjølv, forklarar Kaarbø.

Er ikkje politikarane redde for å bli avslørte som talerøyr og buktalardokker? Kanskje av bitre taleskrivarar som visnar i skuggen av dei?

– Det er både vanleg og stovereint å bruke taleskrivar. I KMD skreiv vi om lag 40 talar berre i januar og februar, og vi har ei lang liste fram til midten av juni. Ein taleskrivar må ikkje berre vere ordhag, han må òg vite korleis det er å stå på podiet. Han må forstå oppdragsgjevaren, slik at talen kan spegle talaren, og han må forstå situasjonen. Ein god tale skal ofte rette opp ein mangel ved situasjonen.

Taleskrivaren skal altså levere ein fullgod tekst og samstundes leggje til rette for at talaren kan gjere teksten til sin eigen.

Den gode talen

Ein tale er god når budskapet blir forstått, tilhøyrarane blir engasjerte og talen fører til handling. Det finst ikkje eitt ideal for utforminga, men det finst ein fasit når det kjem til stykket: Publikum har alltid rett.

– Den største utfordringa er at vi har for mykje på hjartet. Sjølv om mange er mottakelege for informasjon og gjerne vil ha detaljar, hugsar tilhøyraren mindre enn talaren trur. Kunsten er å finne balansen mellom det informative og det fengjande. Tre nøklar til suksess er å aktivisere forsamlinga, skape spenning undervegs og komme med eit tydeleg slutt-poeng, fortel Kaarbø.

Stikkord og illustrerte poeng

Det er nemleg poeng og stikkord publikum hugsar, ikkje resonnement og argumentasjon. Har ein brukt eit spesielt uttrykk, hefter det ved ein. Dåverande statsminister Stoltenberg brukte til dømes «vår tids månelanding» om prestisjeprosjektet med reinseanlegg for CO₂-utslepp på Mongstad. Ordet månelanding fengde, men var lett å harselere med då det

gjekk gale. Bellona-leiar Frederic Hauge skil dra avslutninga av prosjektet som den styggaste politiske krasjlandinga han hadde sett.

Taleskrivaren som oskeladd

– Ein får alltid bruk for gode bilete og situasjonar, så eg plukkar inspirasjon frå alle kantar. Ein taleskrivar er litt av ein oskeladd, smiler Kaarbø. – Vil ein vere keisam, er det berre å seie alt eksplisitt. Men det er viktig å ikkje bruke historier eller vitsar berre for å få folk til å le. Humor må brukast for å underbygge eit poeng, og det bør vere noko forsamlinga kjenner seg att i. Humoren må ikkje verke ekskluderande. Sjølvironi er det aller beste. Her var Ronald Reagan suveren.

I valkampen i 1984 var Reagan 73 år, og i ein tv-debatt vart det ymta om at han var i eldste laget. Reagan parerte elegant med at han ikkje ville bruke motstandarens unge alder og mangel på røynsle mot han. Motstandaren, Walter Mondale, var 56 år og tapte valet.

I USA er den politiske talen eit viktig fag og stor kunst, og nokre av taleskrivarane er legendariske, som Kennedys Ted Sorensen og Obamas Jon Favreau.

– Amerikansk retorikk hadde nok ikkje fungert like godt her på berget. Dagens norske publikum er meir nøkternt, og ein politikar her må nok spare litt på verkemidla om han skal nå fram. Det kan ikkje vere for svulstig og pompøst, seier Kaarbø.

Typisk norsk å vere god å tale?

– Vi har faktisk ein sterk retorisk tradisjon her i landet, men som førelesar har eg blitt overraska over kor varsame norske studentar er med å ta ordet. Heldigvis er retorikk på veg inn i skulen att. Og interessa for talar aukar, seier Kaarbø.

I året for grunnlovsjubileet er det ialfall ingen tvil om at vi nordmenn er villige til å lytte. Frank Aarebrot sitt meisterstykket i forteljarkunst, føredraget «200 år på 200 minutt» om noregshistoria på NRK, samla over 200 000 nordmenn framfor skjermen!

Torunn Reksten

Statsspråk 20 år!

2014 er i sannhet et jubileumsår. Grunnloven er 200 år, og nesten like viktig: Statsspråk fyller 20 år! Men ingen av jubilentene er furete og værbitte. Grunnloven har fått ny språkdrakt (se s. 1), og Statsspråk har frisket opp bunaden.

I det aller første nummeret av Statsspråk skrev redaktøren:

Med denne bulletinen vil Språkrådet forsyne deg med rykende fersk informasjon og eldgamle råd om god språkføring. Er du mottakelig?

Mottakelige har leserne vært! Vi setter pris på alle tilbakemeldingene vi får, og tar gjerne imot tips til aktuelle temaer. Målet er fremdeles å inspirere til bevissthet om godt språk og gi konkrete og matnyttige språkråd til alle skribenter i de tusen statsorganer.

Klare kommuner

Jakten på tidstyver er et av den nye regjeringens satsingsområder. Og uklart språk i kommunesektoren er en åpenbar tidstyv. Kommunal- og moderniseringsdepartementet bevilger derfor 950 000 kroner til pilotprosjektet «Klarspråk i kommunesektoren». Nå får altså kommuner og fylkeskommuner en etterlengtet klarspråkssatsing. Åtte kommuner og fylkeskommuner skal delta i pilotprosjektet, som ledes av kommunesektorens organisasjon KS. Prosjektet har som mål å utvikle en metodikk for klarspraksarbeid i kommunesektoren og forbedre standardtekster som kan deles og brukes av alle. Delingskulturen fra det statlige prosjektet «Klart språk i staten» videreføres, og Språkrådet og Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) deler sin kunnskap om klarspråk ved å delta sentralt i prosjektet.

Russiske eller ukrainske namn i Ukraina?

Uroa i Ukraina i år har òg gjort spørsmålet om korleis vi skriv stadnamn i Ukraina, aktuelt. Skal vi leggje den russiske eller den ukrainske versjonen av namnet til grunn når vi transkriberer – overfører – namnet til norsk skrivemåte?

Det vanlegaste på norsk er at vi brukar det offisielle namnet på den aktuelle staden, men i nokre tilfelle kan det vere tradisjon for andre innarbeidde former. I Ukraina skulle det første tale for å bruke ukrainske namn, sidan ukrainsk er det offisielle språket for heile landet. Likevel kan ein forsvare å bruke russiske namneformer i

nokre tilfelle, sidan det har vore tradisjon i norsk for dette. Det lét til at det over fleire år har vore ein tendens til at dei ukrainske namneformene blir tekne i bruk i norske medium, og i år har vi sett at dei ukrainske formene blir bruka mest. Dei ukrainske namneformene *Kharkiv*, *Lviv*, *Dnipropetrovsk* og *Luhansk* har vore vanlege i ein del år, og i år har vi sett bynamn som *Horlivka* og *Zaporizjzja*. (Dei russiske formene av desse namna er *Kharkov*, *Lvov*, *Dnepropetrovsk*, *Lugansk*, *Gorlovka* og *Zaporozje*.) Kiev og *Odessa* blir derimot klart oftast framleis skrivne med russisk form.

Råd og fakta om taler

All makt i denne sal

JOHAN SVERDRUP

I have a dream

MARTIN LUTHER KING JR.

Ich bin ein Berliner

JOHN F. KENNEDY

Taleskriverens ti tips

- 1 Sjekk sammenhengen og situasjonen for talen.
- 2 Bygg autoritet og troverdighet.
- 3 Beveg mottakerne. Snakk til sansene.
- 4 Vær konkret! Snakk om mennesker, ikke tall.
- 5 Vis helhet og talende detaljer.
- 6 Bruk korte og aktive setninger.
- 7 Unngå fremmedord og faguttrykk.
- 8 Unngå overflødige ord.
- 9 Øv, øv, øv.
- 10 Sjekk språket. Les korrektur.

Les

- 1 **sakprosa** og lær hvordan du kan framstille et komplisert budskap enkelt, og få et bedre ordforråd.

Det kan være vanskelig å finne god sakprosa som handler om politikk. 22. juli-rapporten er eksempel på et dokument som er grundig gjennomarbeidet og godt formulert.

- 2 **poesi** og lær å spare på ordene og sette dem sammen på en elegant måte.

Det er mye å lære av diktere som Kolbein Falkeid og Rolf Jacobsen. (Begynn gjerne med det samme. Du finner et dikt av Jacobsen på baksiden.)

Fem myter om taler

- 1 Vi tror de andre vet hva vi mener.
- 2 Vi tror de andre forstår hva vi sier.
- 3 Vi tror de andre husker det vi sa.
- 4 Vi tror de andre husker det viktigste.
- 5 Vi tror vi er klare og tydelige.

Men vi tar feil. Derfor må talen forenkles og forenkles og helst bare ha ett hovedpoeng.

Talens fire t-er

Målet med en tale er å overbevise tilhørerne, instruere dem og stimulere følelsene deres.

De fire t-ene hjelper deg i forberedelsene.

- 1 **Taleren**
Tenk gjennom hvorfor du skal si noe.
- 2 **Tilhøreren**
Tenk gjennom hva tilhørerne venter seg, hva du vil de skal huske, og hvordan du skal få dem til å føle seg sett.
- 3 **Temaet**
Talen må ha tydelig tema, retning og mening.
- 4 **Troverdighet**
Talen må være genuin og framføres med ekte innlevelse.

Retorikkens fem stilidealer

- 1 korrekt språk
- 2 klarhet
- 3 hensiktsmessighet (talen må henge sammen, og innhold og utforming må passe til formål og situasjon)
- 4 språklig utsmykning
- 5 kortfattethet

Litt retorikkhistorie

Ordet retorikk kommer opprinnelig fra gresk, *rhetorike tekhnē*, og betyr «talerens kunst». Retorikk var historisk sett navnet på den klassiske læren om talekunst og kunsten å overbevise.

De mest kjente læremesterne innenfor den klassiske retorikken er filosofen Aristoteles (384–322 f.Kr.), politikeren og advokaten Cicero (106–43 f.Kr.) og læreren Marcus Fabius Quintilianus (35–100 e.Kr.).

I dagligtalen brukes ofte retorikk som merkelapp på det å prøve å sno seg unna eller bruke språklige knep for å oppnå fordeler, for eksempel ved bruk av retoriske spørsmål. Et retorisk spørsmål er et spørsmål der spørsmålsstilleren anser svaret for å være selvsagt.

Les mer

Det finnes en rekke bøker om politiske taler, for eksempel:



Talens makt. Maktens taler av Bjørn Magnus Berge (Cappelen Damm, 2013)

Talerens troverdighet av Anders Johansen (Universitetsforlaget, 2002)

Virksomme ord – Politiske taler 1814–2005 av Anders Johansen og Jens E. Kjeldsen (Universitetsforlaget, 2005)

I databasen www.virksommeord.no dokumenteres den politiske talens historie i Norge.

Returadresse:
Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO



SPRÅKTIPS

FOR MÅLTROSTAR



På bærtur

På bokmål skriv vi å *være* – *er*. Uttalen er gjerne å *være* – *ær*. Nynorsk skriftmål har same vokal i dei to formene: å *vere* – *er*. Uttalen er valfri, for variasjonen i dialektane er stor. I det heile har nynorsk ofte *-er-* (med valfri æ-uttale) der bokmål har *-ær-*, til dømes i å *bere* – *ber* og å *skjere* – *skjer*. Det er fort gjort å setje inn ein æ som ikkje skal vere der, særleg i samansetningar og avleiingar som *innebere* og *nedskjering*. Hugs e!

Av historiske grunnar har vi likevel *eit husvære*, *eit tilvære* og *eit fråværl(e)*. Før hadde *-er-* (med valfri æ-uttale) større råderom. Før heitte det t.d. *eit ber!* Med sideformene forsvann også skrivemåtene *serleg*, *ein her* og *herverk*. I dag er det altså æ som rår i skrift. Men det heiter framleis å *herje!*

FOR BOKFINKER



«Virker å være»?

Uttrykksmåten «virker å være» kommer trolig fra svensk («verkar vara ...»), og den brer om seg i norsk. Men det at en uttrykks-

måte er mye brukt, betyr ikke nødvendigvis at den er god.

Verbet *virke* kan brukes på flere måter. Setter vi det sammen med et adjektiv eller partisipp, er betydningen «se ut, synes å være, late til å være»:

- Han virker misfornøyd (ikke «virker å være misfornøyd»).
- Forslaget virker gjennomtenkt (ikke «virker å være gjennomtenkt»).

Være ligger altså innbakt i *virke*, så i norsk skal vi ikke ha det med.

«Virke som» betyr «fungere som» eller «ha samme effekt som»:

- Sjefen virker som en bremskloss i arbeidet.
- Slik ordbruk virker som en rød klut på meg!

«Virke som om» pluss en helsetning betyr «se ut til, gi inntrykk av». Den samme betydningen kommer fram i *virke* + adjektiv:

- Det virker som om han er redd.
- Han virker redd.

Mange oppfatter «virker å være» som ukorrekt. Og hvorfor ta i bruk en svensk uttrykksmåte når det er nok av gode norske?

SPRÅKEGGET



Bidrag til denne spalten er verpet av skrivende mennesker i stat og presse.

Dette egget ble lagt av en NRK-journalist: *Den enes brød er som kjent den andres død.*

Hva var det i den deigen?

Hummer og kanel – misforståtte uttrykk

«Svin på stien»?

I et radioprogram kunne vi nylig høre en som snakket om «amerikanske selskaper med svin på stien». Riktignok er det gjerne stier i skogen, men stien hører ikke hjemme i det faste uttrykket.

Kanskje er det ordet *svinesti* som har sneket seg inn og skapt forvirring? *Svinesti* betyr «inngjerding for griser», og det brukes nå mest i overført betydning («grisehus, rot»): *Lokalet så ut som en svinesti etter festen*. Det å «ha (sine) svin på skogen» betyr å ha misligheter å skjule. Det riktige uttrykket er altså «svin på skogen», ikke stien. Det gjelder å holde sin sti ren, også språklig.

ORDKLEKKING

Sist spurte vi hva det heter når du ikke stoler på at du har lært en regel utenat, men slår opp gang på gang. Det viser seg at du da har *oppslagsverk*. Hos Revisorforeningen lider du av *staveskrek* hvis det er skrivemåter uvanen gjelder. Er du et slikt *tvilstilfelle*, lider du muligens av *sjekkesjuka*. Ifølge Statens legemiddelverk kan du til og med få diagnosen *stavingsangst* om du driver med slike *tvangsoppslag*.

Kanskje du har vært i denne situasjonen: Du står klar til å holde et foredrag, pen i tøyet og godt forberedt. Første side av presentasjonen din hentes opp på storskjermen bak deg, og da ser du at det står feil dato og feil organisasjonsnavn. Hva kaller vi følelsen/fenomenet? Skriv til stat@sprakradet.no og merk e-posten «Ordklekking».

DIKTET

MAI MÅNE

Mai måne
går omkring som en inspektør i hvit jakke.

Nu er snart gjestene her.
Er alt på plass? Dette gobelin
må børstes, grønne tepper overalt
og lys på bordene.

Litt musikk, bare dempet,
– en trost, litt lerce, det er bedre
– og fioliner. Ta opp noen bekker til!

Rolf Jacobsen

Språkrådet

www.sprakradet.no
Redaktør:
Torunn Reksten, stat@sprakradet.no

Abonnement og adresseendring:
bestilling@sprakradet.no
Utforming: Beate Syversen

Trykk: Zoom Grafisk Opplag: 17 500
Redaksjonen avslutta: 21.05.2014
ISSN 0805-164X